Linnea Myklebust Ripel vart kretsmeister! 25.01.2020

12 år gamle Linnea M. Ripel viste sitt store talent då ho gjekk heilt til topps i Vikingrennet på Voss og vart kretsmeister i dag i hard konkurranse med mange jamaldringar. 13 år gamle Amund Hella Berge-Soldal og 11 år gamle Frøy Sæle gjorde og ein super innsats då dei sikra seg bronsemedaljar i sine klassar. Fleire andre uskedelingar gjorde og ein god innsats i rennet som gjekk i klassisk stil. I morgon held kretsmeisterskapet fram på Voss. Då er det fristil som gjeld i Fanarennet. Uskedalen.no kjem med meir stoff frå meisterskapshelga.

tid.